Hallingdølen.kultur

Variasjon: Himmelen gret på enkelte låter, men ingen av dei 500 frammøtte vart spesielt våte. Vamp varma uansett godt med sitt mangfaldige repertoar.

Vamp vann over vêrgudane

Litt regn sette ingen stoppar for Vamp. Laurdag leverte dei eit velplassert sett ved Iungsdalshytta.

Av: Bernt Ivar Bergum
Publisert: 21.08.10 Oppdatert: 21.08.10 kl. 23:35

Eit lett regnslør la seg over publikum i det Vamp entra scena.

Det gløymde ein straks "Ta meg med" kom i gang.

Sidan gjekk både vêret og musikken i bølgjer, frå lågmælte "Kim du nå va" til den meir fartsfylde "Månemannen".

Det musikalske høgdepunktet kom då solospelet til Torbjørn Økland skar gjennom skydekket og fjerna all tvil: Vamp er kome til fjellheimen for å bli - i første omgang ut helga.

Vokalist Paul Hansen får publikum med seg, men det er ikkje til å kome frå at det er Øyvind Staveland som *er* Vamp.

Dersom du er av dei 500 som har billett til sundagens konsertoppleving er dette tips å ta med seg: *fjellklede, varme skift og sitjeunderlag.*

Elles kan du eventuelt førebu det litt ekstra settlista frå laurdag:

1. Ta meg med
2. 13 humlar
3. Sommarjenta
4. Ingeborg
5. Hallo - Adjø
6. Kim du nå va
7. Nok ein sang om havet
8. På bredden
9. Lindehålsma'en
10. Sitte å tenke
11. Våken drøm
12. Tvangstankar
13. Hønsahus
14. Amanda